



■ møtereferat – Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet for tannhelsetenesta

Ephorte: 2017/7229

Tema:	Stad og tid:
Møtereferat SAMU-T 21.06.2017	Fylkeshuset, møterom 102

Til stades: Medlemmer		Varamedlemmer	
Louise Frostad Liaset	X	Karoline Stølen	
Guro Flem Ulla	X	Marianne S. Rudi	
Laila Aas Dyrøy	X	Grete Gussiås	
Anthony N. Valen	X	Morten Larsen	
Are Kristofer Hjeltnes	X	Bjørn Eggen	
Tone Nord	X	Hege Myklebust	

Andre:
HMS-rådgiver Silvia Stranden, Stamina Helse
Rådgivar Ingrid Walstad Larsen
Rådgivar Kjersti Harstad (sak 23/2017)

Referent:	Neste møte:
Morten Larsen, 71280203	20.3.2018

Det var ingen merknader til møteinnkallinga eller til referat frå møtet 1.11.2017.

Saksliste

19/2017	Sjukefråverutvikling 2. og 3. kvartal 2017 Morten Larsen orienterte. Fråverstala for 2. og 3. kvartal, brote ned på fråversintervall og distriktsnivå, vart gjennomgått. Sjukefråveret 2. kvartal 2017 er redusert noko samanlikna med 2. kvartal 2016, medan fråveret for 3. kvartal viser ein auke frå same tidsrom i 2016. Det er store regionale variasjonar; 3. kvartal har Kristiansund KR over dobbelt så høgt fråver som Søre Sunnmøre KR. Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om sjukefråversutviklinga 2. og 3. kvartal 2017 til orientering.
20/2017	Sjukefråversprosjektet – status og tiltak Ingrid Walstad Larsen orienterte etterfølgd av meningsutveksling. Prosjektskisse vart behandla i SAMU-T sak 18/2016. Sjukefråversprosjektet er gjennomført i samarbeid med nøkkelpersonar i organisasjonen, og med basis i ein systematisk, kvalitativ og kvantitativ tilnærming for å identifisere utfordringar og tiltak. Konklusjonar og område for vidare arbeid er: <ul style="list-style-type: none">• Auka fokus på helsefremmande arbeidsplassar.• Profesjonalisering av klinikkleiarrolla gjennom eige leiarutviklingsprogram tilpassa tannhelsetenesta sin organisasjon• Auka leiarstøtte.• Aktivt arbeid med KOMPASS på klinikkane og i regionsamlingar.• Haldningsskapande arbeid for å ivareta og legge til rette for at gravide kan stå lenger i arbeid.• Målretta bruk av allereie innvilga OU-midlar til arbeid med sjukefråversarbeid, helsefremmande arbeidsplass og ivaretaking av eigen helse.• Søknad til NAV om støtte til gruppetiltak (desember 2017). Samrøystes vedtak: SAMU-T tar gjennomgang sjukefråversprosjektet til orientering.

21/2017	<p>Orientering - Kompetanseregionane sine årlege periodeplanar for bruk av bedriftshelsetenesta - fokusområde for 2018</p> <p>Stamina v/Silvia Stranden orienterte. Periodeplanane blir laga ved årsskiftet, gjeld for eit kalenderår og skal innehalde dei aktivitetane kompetanseregionane vil bruke BHT til det komande året. Utgangspunktet for planen er årshjul-aktivitetane. På intranettsida for bedriftshelsetenesta i fylkeskommunen ligg det ein mal for kva ein periodeplan kan innehalde. Aktuelle fokusområde kan vere bistand til gjennomføring av risikovurderingar av ergonomi og vald og trusselsituasjonar. Viktig med forankring i leiargruppa og fokus på målretta bruk av BHT-tenester.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om årleg periodeplanar for BHT-tenester til orientering. Fylkestannlegen formidlar aktuelle fokusområde til overtannlegane.</p>
22/2017	<p>Klinikkledelse i en desentralisert tannhelsetjenestestruktur med små enheter – et utviklingsprosjekt (problembeskrivelse og status pr. desember 2017)</p> <p>Morten Larsen orienterte. Ledelsesutfordringene er store i en organisasjon med mange små klinikkenheter, store geografiske avstander og stor utskifting av tannhelsepersonell. Tannhelsetjenesten mangler i dag målrettet og systematisk opplæring, oppfølging og utvikling av tannhelsepersonell i lederstillinger. Der er riktignok flere møteplasser; regionmøter, klinikkmøter, etatsmøter, men alle har hovedsaklig et driftsfokus. En egen «klinikklederinstruks» definerer mye av de administrative oppgavene, men mangler perspektivene i forhold til organisasjonsutvikling og personalledelse. SAMU-T ble presentert for en skisse til et utviklingsprosjekt som skal gjennomføres 1. halvår 2018 for å utvikle og ivareta lederkompetanse på klinikknivå med mål å gi lederne et ledelsesfaglig fundament og læringsarenaer for å sikre mestring av en mangfoldig og utfordrende klinisk hverdag.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om lederutvikling på klinikknivå til orientering.</p>
23/2017	<p>Orientering – ny telefonløsning i tannhelsetenesta</p> <p>Kjersti Harstad orienterte kort om planane for innføring av ip-telefoni i tannhelsetenesta (telefoni over datalinjer) til erstatning av dagens analoge løysing, samt nye retningslinjer under utarbeiding om mobil tenestetelefon.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om planane for ny telefoniløysing til orientering.</p>
24/2017	<p>Orientering - rekrutteringssituasjonen per desember 2017</p> <p>Morten Larsen orienterte om planane for utlysning av ledige stillingar rundt årsskiftet 2017/2018.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om stillingsutlysning til orientering.</p>
25/2017	<p>Møteplan 2018</p> <p>Samrøystes vedtak: 20. mars, 19. juni, 30. oktober, 11. desember (tirsdag alle datoar).</p>
26/2018	<p>Plan for beredskap og krisehandtering i tannhelsetenesta (ekstrasak)</p> <p>Morten Larsen orienterte. Tannhelsetenesta har fått eigen plan for beredskap og krisehandtering. Planen byggjer på fylkeskommunens overordna beredskapsplan og er tilpassa tannhelsetenesta sin organisering og tenestestruktur. Med krise forstås vi ei hending eller forhold som kan forårsake alvorleg skade på menneske, miljø og uerstattelege verdiar og/eller svekke organisasjonen sin evne til å utføre viktige funksjonar. Beredskap er å planlegge og førebu tiltak for å avgrense eller handtere kriser eller andre uønska hendingar på ein best mogleg måte. Planen har primært leiarnivå i tannhelsetenesta som målgruppe, og beskriv</p> <ul style="list-style-type: none"> • beredskapsprinsipp, organisering, ansvars- og rollefordeling ved aktuelle beredskapssituasjonar • prinsipp og praktisk tilnærming til varsling, handtering og oppfølging av kriser og ulykkeshendingar

	<ul style="list-style-type: none">• innsatsplanar for ulike typar krisesituasjonar med tilhøyrande oppgåvefordeling for nøkkelpersonell som skal handtere hendinga
27/2017	Open post <ul style="list-style-type: none">• Anthony Valen orienterte om at fylkeskommunen seier frå seg sin del av eigarskapet i Tannhelsetjenestens kompetansesenter Midt-Norge IKS, gjeldande frå januar 2019.